

# Eksamen

24. mai 2017

HUD3003

Yrkesutøvelse

**Programområde:** Hudpleie VG3

# Nynorsk

Eksamensinformasjon	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg som skal leverast inn</b>	Kundekort, side 6
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I denne oppgåva vil det bli lagt særleg vekt på grad av måloppnåing innanfor desse kompetansemåla:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige arbeid som hudpleiar</li><li>• bruke eit utval av tekniske hjelpemiddel i ansikts- og kroppsbehandlingar og vurdere nytteverdien av apparatur</li><li>• gi råd om behandling av uønskt hårvekst og bruke ulike arbeidsmetodar og apparat</li><li>• gi råd om korleis ulike kosmetiske produkt verkar kjemisk i og på huda</li><li>• vurdere hud-, hår- og naglebehandlingar og føre journal</li><li>• drive kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av yrkesutøvinga</li><li>• planleggje og gjennomføre arbeidet i tråd med prinsippa for universell utforming av produkt og tenester</li></ul>

## Oppgåve

Tenk deg at du har fått jobb i ein hudpleieklinikk. Du er nyutdanna og motivert. Laurdag 17.6.2017 skal du ha tre kundar med ulike problem og behov: kunde A, B og C.

Bruk kunnskapane dine for å vurdere tilstanden til desse tre kundane. Drøft ulike behandlingsmåtar og råd du vil gi til kvar kunde. Diskuter kva for råd du vil gi kvar kunde om vidare behandling og heimebehandling.

Fyll ut kundekort for kunde B (sjå vedlegg side 6).

### Kunde A

Den første kunden heiter Lisa Nilsen og er 25 år. Ho er student og bruker mykje tid framfor pc-en. Ho har vore plaga med akne i omtrent 10 år, og huda er ganske blank. Ho har både overflatisk akne og ein del djup akne. På grunn av hudtilstanden bruker ikkje Lisa nokon produkt på huda, men vaskar seg med såpe og vatn. For å skjule akneproblemet legg ho ein svært dekkjande makeupkrem basert på mineraloljar. Lisa har ingen sjukdommar å ta omsyn til. Ho har heller ingen pigmenteringar eller sensitivitet i huda.

### Kunde B

Den andre kunden er Marit Jakobsen på 40 år. Marit jobbar i barnehage og er derfor mykje ute. Under hudanalysen ser du tydelege aldersforandringar i form av utvida kapillær i kinn, rynker, hyperkeratinisering og pigmentforandringar i ansikt og på décollete. Etter desse opplysningane får du inntrykk av at kunden kan vere utsett for frie radikalar. Ho fortel at huda kjennest stram, og at ho har sola seg mykje utan å vere særleg nøye med å verne huda. Marit har vore til hudpleiebehandlingar før, men har ikkje vore fornøgd. Ho synest ikkje ho fekk nok råd og rettleiing for hudproblema sine. Ho har ingen sjukdommar å ta omsyn til.

### Kunde C

Den siste kunden denne dagen er Tone Hansen på 30 år. Tone jobbar som sjukepleiar og skal rett på jobb etter behandlinga. Tone har sjenerande hårvekst i ansiktet og ønskjer permanent hårfjerning. Håra er mørke og grove på overleppa og haka. I kinna er håra lysare og tynnare. Ho fortel at ho har nappa håra sjølv i mange år, men aldri gått til profesjonell behandling. Tone fortel at ho er gravid i 4. månad. Huda til Tone er elles normal for alderen, og ho har ingen sjukdommar å ta omsyn til.

# Bokmål

Eksamensinformasjon	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg som skal leveres inn</b>	Kundekort, side 6
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I denne oppgaven vil det bli lagt særlig vekt på grad av måloppnåelse innenfor følgende kompetansemål:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• planlegge, gjennomføre, vurdere og dokumentere eget arbeid som hudpleier</li><li>• bruke et utvalg av tekniske hjelpemidler i ansikts- og kroppsbehandlinger og vurdere nytteverdien av apparatur</li><li>• gi råd om behandling av uønsket hårvekst og bruke ulike arbeidsmetoder og apparater</li><li>• gi råd om hvordan ulike kosmetiske produkt virker kjemisk i og på huden</li><li>• vurdere hud-, hår- og neglebehandlinger og føre journal</li><li>• drive kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av yrkesutøvelsen</li><li>• planlegge og gjennomføre arbeidet i tråd med prinsippene for universell utforming av produkter og tjenester</li></ul>

## Oppgave

Tenk deg at du har fått jobb i en hudpleieklinikk. Du er nyutdannet og motivert. Lørdag 17.6.2017 skal du ha tre kunder med ulike problemer og behov: kunde A, B og C.

Bruk dine kunnskaper for å vurdere tilstandene til disse tre kundene. Drøft ulike behandlingsmåter og råd du vil gi til hver kunde. Diskuter hvilke råd du vil gi hver kunde om videre behandling og hjemmebehandling.

Fyll ut kundekort for kunde B (se vedlegg side 6).

### Kunde A

Den første kunden heter Lisa Nilsen og er 25 år. Hun er student og bruker mye tid foran pc-en. Hun har vært plaget med akne i cirka 10 år, og huden er ganske blank. Hun har både overfladisk akne og en del dyp akne. På grunn av hudtilstanden bruker ikke Lisa noen produkter på huden, men vasker seg med såpe og vann. For å skjule akneproblemet legger hun en svært dekkende makeupkrem basert på mineraloljer. Lisa har ingen sykdommer å ta hensyn til. Hun har heller ingen pigmenteringer eller sensitivitet i huden.

### Kunde B


Den andre kunden er Marit Jakobsen på 40 år. Marit jobber i barnehage og er derfor mye ute. Under hudanalysen ser du tydelige aldersforandringer i form av utvidede kapillærer i kinn, rynker, hyperkeratinisering og pigmentforandringer i ansikt og på décolleté. Etter disse opplysningene får du inntrykk av at kunden kan være utsatt for frie radikaler. Hun forteller at huden kjennes stram, og at hun har solt seg mye uten å være særlig nøye med solbeskyttelse. Marit har vært på hudpleiebehandlinger tidligere, men har ikke vært fornøyd. Hun synes ikke hun fikk nok råd og veiledning for hudproblemene sine. Hun har ingen sykdommer å ta hensyn til.

### Kunde C

Den siste kunden denne dagen, Tone Hansen, er 30 år. Tone jobber som sykepleier og skal rett på jobb etter behandlingen. Tone har sjenerende hårvekst i ansiktet og ønsker permanent hårfjerning. Hårene er mørke og grove på overleppen og haken. I kinnene er hårene lysere og tynnere. Hun forteller at hun har nappet hårene selv i mange år, men aldri gått til profesjonell behandling. Tone forteller at hun er gravid i 4. måned. Huden til Tone er ellers normal for alderen, og hun har ingen sykdommer å ta hensyn til.



(Blank side)



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)